



Business Region Bergen AS  
Strandgaten 6  
5013 Bergen

Dato: 21.04.2015  
Vår ref.: 2015/3081-2  
Saksbehandlar: sirhans  
Dykkar ref.:

## Fylkesbudsjettet for 2015. Tilsegn om næringsretta parnarskapsmidlar på kr 3 978 000,- i 2015.

I fylkestinget 09.12.2014 (PS 92/2014) var det gjort ei gjennomgang av fylkeskommunen sitt engasjement i Business Region Bergen AS. Det vart gjort vedtak om at samarbeidsavtalen skulle lengast med 4 år og det vart vedteke ein ny modell for berekning av støtte. Dette vil fylkeskommunen følge opp i 2015.

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 er det sett av kr 15,983 mill kr på budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar». I tillegg blir det nytta kr 8,18 mill. kr av budsjettet i Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH 2015) til å støtte partnerar.

Fordeling av støtte til partnerar som fekk fornya si støtte i 2015 og til nye partnerar blei handsama av fylkesutvalet 29.01.2015 (PS 27/2015). I denne saka kjem det fram at Business Region Bergen AS skal få kr 3 978 000,- + mva i 2015 over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar».

Finansiering av *Knowledge HUB Bergen* er ikkje ein del av denne løvvinga og organisering og finansiering av denne vil fylkeskommunen komme tilbake til i eigen sak.

### Utbetaling

Løvvinga vert utbetalt etter påkrav ved faktura frå Business Region Bergen AS.

Dersom føresetnadane for tilskotet ikkje vert oppfylte, kan fylkeskommunen krevje heile eller delar av tilskotet tilbake.

### Føringar

Midlane skal nyttast i tråd med gjeldande samarbeidsavtale datert 25.03.2015 og føringar og vilkår i dette tildelingsbrevet.

HKF og BRB skal i 2015 samarbeide om å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen.

BRB skal bidra til at det gjennomførast eit utgreiingsarbeid i samarbeid med fylkeskommunen og dei andre eigarane om ulike geografiske verkeområde for BRB, ulike tilknytingsformar for kommunane og ulike finansieringsmodellar.

Det vert lagt til grunn at prosjekt i regi av BRB ut over basisaktivitetane i stor grad vert finansiert eksternt.

## Rapportering

Rapportering for 2015 skal skje i tråd med samarbeidsavtalen. Partnarskapsmidlar for 2016 vil ikke bli utbetalt før årsrapportering for 2015 er godkjent.

Som mottakar av partnarskapsmidlar har de ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt partnarskapsmidlar skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane blir forvalta i samsvar med vilkåra for støtte frå fylkeskommunen. De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok i mot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjent med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson er Siri Hanson telefon 99575879, e-post [siri.hanson@hfk.no](mailto:siri.hanson@hfk.no)

Som partnar ønskjer vi dykk lykke til arbeidet med å realisera mål, strategiar og prioriterte innsatsområde for næringsutvikling i Hordaland slik det går fram av vår samarbeidsavtale, dette tildelingsbrevet og HNH 2015.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringsjef

Kopi: - Regionalavdelinga v/økonomi: 10.160.308

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*